

Vurderer å trekkja seg

11.04.2007



Gunn Mari Moberg – trekkjer ho seg?

Gunn Mari Moberg frå Uskedalen, som er nyvald leiar i Kvinnherad Høgre og nominert og kumulert på andreplassen på begge Høgre-listene, vurderer å trekkja seg.

Det seier ho til innsida.no, men legg til at ho enno ikkje har teke noko endeleg avgjerd i saka.

Gunn Mari håpar at lista frå møtet 4. mars blir vedteke av sentralstyret i partiet som har den endelege avgjerda.

Hvis derimot lista frå nominasjonsmøtet 11. februar blir den endelege, er det også fleire enn Gunn Mari Moberg som vurderer å gå.

- Eg tykkjer det er veldig urettferdig det som har skjedd. Det er ikkje noko kjekt, Men det politiske arbeidet engasjerer, seier ho.

Men ho legg til at det blir taparar uansett avgjerd.